

**OS KOMMUNE**

Psykiatriske- og sosiale tenester

Sosialdepartementet  
Postboks 8019 - Dep

0030 OSLO

| Arbeids- og sosialdepartementet |                          |
|---------------------------------|--------------------------|
| Saksnr.:<br><i>200400403</i>    | Dok.nr.:<br><i>120</i>   |
| Arkivkode:<br><i>416.9</i>      | Dato:<br><i>03.11.04</i> |
| Avd.:<br><i>SAP-K</i>           | Saksbeh.:<br><i>ELH</i>  |
| U.off.: Os, 29.10.2004          |                          |

|              |               |                  |                     |                    |
|--------------|---------------|------------------|---------------------|--------------------|
| <i>L.nr.</i> | <i>Saknr.</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Eining/Sakbh</i> | <i>Dykkar ref.</i> |
| 016933/04    | 04/02211      | 440//&13         | PS/EMS              |                    |

**HØYRINGSUTTALE AV NOU 2004:13 EI NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING**

- Om samordning av Aetats, trygdeetatens og sosialtjenestens oppgaver.

Os kommune har hatt prosjekt "Rett yting" frå mai 2001 og har fortsatt 2 ansatte i sosialtenesta som har tiltaksarbeid mot aetat og trygdekontoret som sine hovudoppgåver. Prosjektet vart sett i gong då ein såg at sosialtenesta sine klientar ikkje vart ivaretekne på ein god nok måte av trygdekontor og aetat og at samarbeid mellom sosialtenesta og trygdekontor og aetat ikkje var godt nok.

Prosjektet har vist at mange av våre klientar har rettar i trygdesystemet og mange har trong for hjelp til å kunna nyttiggjera seg tilboda hos aetat. Dette har vore eit tungt arbeid der mykje tid har gått med til å "markedsføra" våre klientar i dei to andre etatane. Etter 3 års arbeid har det vorte innarbeidd betre samarbeidsrutinar, men det fungerer fortsatt ikkje godt nok. Samarbeid er fortsatt personavhengig og er for mykje prega av tilfeldighetar. Sosialtenesta vert av dei to andre etatane fortsatt nytta som ein stad dei viser til når dei ikkje har vedtak klar og når dei avslår søknader. Vi ser ofte at det blir lettvtint for dei 2 andre etatane å ikkje gå grundig nok inn i klientsaker når sosialkontoret må ta over saker der personar er utan midlar. Etter vår meining er det kun samordning av dei tre etatane i ein statleg modell som er ei fullgod løysing. Dette ville sikre eit meir effektivt system utan det tungroddde byråkrati vi ofte har i dag, og som både klientane/brukarane og vi ansatte slit med. I dag er det ofte 3 etatar som skal lage vedtak på den same personen.


Os kommune v/sosialtenesta hadde store forventningar til Rattsø-utvalet si innstilling, men er skuffa over at det vert foreslått ei løysing der trygdeetaten og aetat vert knytta tettare saman medan sosialtenesta fortsatt vert utanfor. Dersom det skal bli gode løysingar i vanskelege saker må alle tre etatar ansvarleggjerast på eit anna vis enn i dag og på eit anna vis enn i forslaget til ny arbeids- og velferdsforvaltning.


Sosialtenesta i Os kommune hadde pr. september 2004 131 personar med utbetaling av sosialhjelp. Av desse er 64% fellesklientar med trygdekontor og aetat. Vi har mange "suppleringsklientar", dvs. personar har trygdeyting, men den er for lav til at nokon kan leve av den. Utanom dette talet har vi klientar som har vorte avvist av trygdekontor og aetat, men

som har store helseproblem utan at dei vert vurdert å felle inn under trygdelovverket. Tala viser at dei tre etatane må samarbeide tett og bør verte samordna for å sikre klientane ei god løysing. Det er vanskeleg å snakke om arbeidslinja når personar vert dytta frå ein etat til ein annan i årevis og går på passiv sosialhjelp, som skal vere ei midlertidig løysing. Dette er "systemfeil" som Høybråten uttrykte det i eit fjernsynsintervju. Med den foreslåtte velferdsforvaltninga vil ikke desse "systemfeila" forsvinne.

I mange undersøkingar vert det slått fast at ansatte i sosialtenesta har høgare kompetanse enn ansatte i trygdeetat og aetat. Det er då eit paradoks at sosialtenesta ikkje har verkemidlane dei treng for å hjelpe klientane. Slik forslaget er vil det verte ein restkategori av personar (som i dag) som må ha sosialhjelp som hovudinntekt, eit B-lag som ikkje får tilgong til tiltak og ytingar på trygdekontor eller aetat.

Med helsing

  
Jorunn Solberg  
Kommunaldirektør

  
Eva-Mari Solberg  
Einingsleiar

Vedlegg: